

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
044/21	Kommunestyret	PS	16.06.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/641

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret - 044/21 - 16.06.2021

KS - behandling:

Sissel B. Monslau, styrar Kaland barnehage, orienterte om Nærværprosjektet. Sjå vedlagt presentasjon.

Varaordførar Inger-Lise Brekke (H) sa at dette er eit veldig bra prosjekt, og at bruk av appen kan vere eit tips for andre når det gjeld førebygging.

Helge Dyrkolbotn (KrF): Skryt til prosjektet. Spørsmål om bruk av appen: Kva funksjon har den og korleis blir det følgt opp?

Sissel Berge Monslau forklarte at ein kan skrive kommentarar, dei er anonyme. På denne måten kan det kome fram ymse som folk elles ikkje vil si. Dei har luka vekk problemstillingar som at noko utstyr ikkje fungerer, og at ein her ser meir på arbeidsmiljø. Tek opp saker/tema i leiargruppa og personalmøte. Appen ordnar ikkje arbeidsmiljø, men gir ein peikepinn om kor utfordringane ligg. Gjentakande problem kan ein da ta fatt i. "Ei pulsmåling. "

Monika Thorpe (Ap) - har begynt på Nordliheimen. 60% svarprosent ved første måling. Er det rutinar på korleis det blir vidareført i systemet vårt?

Sissel Berge Monslau: vi skriv prosjektrapport. I prosjektgruppe og styringsgruppa får dei informasjon om prosjektet og resultatata jamleg.

Anne Dahle Austrheim (KrF): - kva er endring i samband med eigenmeldingar?

Sissel Berge Monslau svara med eit eksempel: Tidlegare fekk styrar telefon tidleg på morgon, no

har dei som rutine at dei ringer barnehagen, der vert skjema fylt ut og lagt på ein fast plass. Dei har vidare rutinar for kven dei skal kontakte for å fylle vakta til den som er vekke. No har alle eit ansvar her, ikkje berre styrar, og styrar kan no heller bruke tid på å ta seg av den som er sjuk. Rutinane vert terpa på jamleg.

Ordførar Per Lerøy (AP) - Dette er eit svært bra prosjekt.

Orienteringssaker etter politiske saker:

Før desse orienteringane, som var heilt til slutt i møtet, gjekk representanten Reidar Øksnes.

- Fondsbruk

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om dei midlane som står på fond, kva som er bunde/ubunde og planar for å få brukt desse midlane. Noko av denne orienteringa vart utsett til møtet 24. juni.

- Status ulike prosjekt (Thomas Lindås): Denne orienteringa vart utsett.

KS - vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Saksopplysninger: